

# DUGNAD FOR ANDRE

Tema for denne perioden er «Ei verd i endring». For mange av oss er verda verkeleg i endring! Som alle veit er mange hundre tusen menneske på flukt akkurat no. Me har difor lyst å gjera ein innsats for å hjelpa. Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera litt... Det kan òg våre elevar!

Første perioden handla om samarbeid, og me tykkjer det er viktig at alle er med på samarbeidet i heimen. Difor ynskjer me at elevane kan ta på seg ekstra oppgåver heime som dei kan få belønning for i form av pengar. Pengane dei tenar, donerar dei vekk til Flyktninghjelpen.

<https://fadder.flyktninghjelpen.no/>

Det er frivillig kor mykje kvar heim vil gje, og det er veldig viktig at det er anonymt! Dette er ingen konkurranse om å gje mest, men at alle kjenner at dei kan bidra med noko.

Vedlagt finn de eit skjema der bornet dykkar kan føre opp oppgåver som er utført i løpet av veke 46. Det ligg òg ved ein konvolutt der de legg pengane bornet har tent oppi. Konvolutten må de lima att utan at eleven veit kor mykje som ligg oppi, og ikkje merk konvolutten med namn! Konvolutten tek eleven med tilbake på skulen på fredag 13.november. Alle konvoluttane blir samla inn, overlevert til rektor sitt kontor, der Ellen og medhjelpar vil telja opp.

Med helsing oss på skulen

ARBEIDSLISTE FOR: \_\_\_\_\_

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Rydde rommet					
Vaske opp					
Ta ut av oppv.mask.					
Støvsuge					
Lage middag					
Gå ut med bosset					
Lage kake/vaflar..					
Tørke støv					
Støvsuge bilen					
Vaske bilen					
Fjøsarbeid					
Vaske klede					
Leggje saman klede					
Henge opp klede					
Hente posten					
Mate dyra					
Passe sysken					
Rydde					
Utearbeid					
.....					

Her er forslag til kva borna kan gjere av arbeid, sjølv sagt kan de finne på andre ting sjølv. Betalinga kan vera pr ting som blir gjort, eller sluttbeløp **foreldra** bestemmer. Viktig at eleven ikkje veit kor mykje som blir lagt i konvolutten, då me ikkje vil at dette skal bli ein konkurranse i kven som gjev mest.